# PROTOKOLL SKIKRINSTINGET 2017

1. **OPNING – HELSINGAR**
Sogn og Fjordane Skikrins v/ Inge Fænn
Norges Skiforbund v/ Erik Røste
Sogn og Fjordane idrettskrins v/ Nils R. Sandal

2. **KONSTITUERING**

2.1 **Godkjenning av dei frammøtte representantane**
Skikrinsstyret har kontrollert lista over fullmakter.

| Etternavn | Førenavn | Organisasjon | Tingdelegat |
|---|---|---|---|
| Fænn | Inge | SFSK, Markane IL | 1 |
| Årdal | Finn | SFSK, Jølster IL | 2 |
| Hamar | Atle | SFSK, Jølster IL | 3 |
| Lefdal | Oddmund | SFSK, IL Bjørn | 4 |
| Fannemel | Gunnar | SFSK, Hornindal IL | 5 |
| Hegrenes | Reidun | SFSK, Førde IL | 6 |
| Hauge | Astrid F. | Fj./ Vereide IL | 7 |
| Felde | Anders | Breimsbygda IL | 8 |
| Felde | Per Asbjørn | Breimsbygda IL | 9 |
| Helgheim | Arne | Førde IL | 10 |
| Helgheim | Adrian | Førde IL | 11 |
| Hammersvik | Jørund | Førde IL | 12 |
| Dalseth | Trude | Haugen IL | 13 |
| Engeland | Anders | Haugen IL | 14 |
| Brendehaug | Eivind | Syril IL | 15 |
| Stensaker | Irene | Hardbagg IL | 16 |
| Brekke | Lars | Vik IL | 17 |
| Rutle | Kjell Øistein | Balestrand IL | 18 |
| Fortun | Anders | Fanaråk IL | 19 |
| Årdal | Jan Inge | Jølster IL | 20 |
| Taklo | Vidar | Jølster IL | 21 |
| Skovro | Tone Lin | Jølster IL | 22 |
| Lomheim | Jon Ove | Hafslo IL | 23 |
| Kveen | Lars | Stryn T&IL | 24 |

| Etternavn | Førenavn | Organisasjon | Tingdelegat |
|---|---|---|---|
| Sæthre | Henning | Sogndal IL | 25 |
| Hofslundsengen | Magne | Sogndal IL | 26 |

Følgjande har talerett:

| Etternavn | Førenavn | Organisasjon | Funksjon |
|---|---|---|---|
| Lundestad | Håkon | Fj./ Vereide IL | Dirigent |
| Schøyen | Lilly | Sogndal IL | Leiar valnemnda |
| Røste | Erik | Norges Skiforbund | Observatør/ gjest |
| Sandal | Nils R | Sogn og Fj. idrettskrins | Observatør/ gjest |
| Hole | Even | Sogn og Fj. Skikrins | Krinstrenar |
| Thorsen | Yngve | Sogn og Fj. Skikrins | Adm. sjef |

**VEDTAK:**

***Skikrinstinget godkjenner fullmaktene.***

## 2.2 Godkjenning av saklista

**VEDTAK:**

***Skikrinstinget godkjenner utlagd sakliste.***

## 2.3 Godkjenning av forretningsorden

Skikrinsstyret gjer slikt framlegg til forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 valt dirigent. Protokollen vert ført av dei valde sekretærane.

2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det, og ordet vert gjeve etter tur. Ordet vert gjeve frå ein tilvist plass i salen.

3. Ingen representant får ordet meir enn tre gongar i same saka. Dirigenten har rett til å gjera framlegg om strek.

4. Alle framlegg må leverast skrifteleg til dirigenten underskrive med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkjast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram etter at det er sett strek eller at saka er teken opp til avrøysting.

5. Alle vedtak og val vert gjort med vanleg fleirtal, med dei unntak lova fastset. I alle val der det ligg føre meir enn eit framlegg, vert det nytta skrifteleg avrøysting. Alle andre avrøystingar vert gjort med røysteteikn.

6. I protokollen fører ein inn framlegg og vedtak, talet på røyster for og imot dersom tinget krev det, namnet på dei som hadde ordet i saka.

7. Protokollen vert underskriven av to valde representantar.

VEDTAK:

***Skikrinstinget godkjenner forretningsorden.***

## 2.4 Val av dirigent

Skikrinsstyret gjer slikt framlegg til val av dirigent:
***Håkon Lundestad***

VEDTAK:

***Skikrinstinget godkjenner framlegg til val av dirigent.***

## 2.5 Val av referentar

Skikrinsstyret gjer slikt framlegg til val av referentar:
***Anders Felde og Yngve Thorsen***

VEDTAK:

***Skikrinstinget godkjenner framlegg til val av referentar.***

## 2.6 Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen

VEDTAK:

***Arne Helgheim (Førde IL) og Vidar Taklo (Jølster IL).***

## 3. ÅRSMELDING 2015-2017

Skikrinsstyret legg fram for tinget årsmelding for 2015-2017 til godkjenning.

Innleiing v/ Inge Fænn (Skikrinsstyret)

Dirigenten gjekk deretter gjennom Årsmelding 2015-2017.

Desse hadde deretter ordet i saka: Atle Hamar (Skikrinsstyret) og Yngve Thorsen (adm. sjef).

VEDTAK:

***Skikrinstinget godkjenner årsmelding for 2015-2017, med dei endringane som kom fram i møtet.***

## 4. REKNESKAP 2015 og 2016

Rekneskap med revisormelding for 2015 og 2016 er vedlagt.

Skikrinsstyret legg fram for tinget rekneskap og revisormelding for 2015 og 2016

Yngve Thorsen (adm. sjef) la fram rekneskapen for 2015 og 2016.

Dirigenten las opp revisormeldingane.

Desse hadde deretter ordet i saka: Inge Fænn (Skikrinsstyret).

**VEDTAK:**

***Skikrinstinget godkjenner framlagt rekneskap for 2015 og 2016.***

**5. BUDSJETT 2017 og LANGTIDSBUDSJETT 2018 og 2019**

Budsjett og langtidsbudsjett er vedlagt.

Skikrinsstyret legg fram for tinget budsjett for 2017, og langtidsbudsjett for 2018 og 2019.

Yngve Thorsen (adm. sjef) la fram dei ulike budsjetta.

Desse hadde deretter ordet i saka: Atle Hamar (Skikrinsstyret).

**VEDTAK:**

***Skikrinstinget vedtek rammene for framlagt budsjett for 2017.
Skikrinstinget vedtek rammene for langtidsbudsjettet for 2018 og 2019.***

**6. HANDLINGSPLAN 2017-2019**

Handlingsplan 2017-2019 er vedlagt.

Skikrinsstyret legg fram for tinget Handlingsplan 2017-2019.

Innleiing v/ Inge Fænn (Skikrinsstyret) og Yngve Thorsen (adm. sjef)

Desse hadde deretter ordet i saka: Atle Hamar (Skikrinsstyret), Anders Felde (Breimsbygda IL), Inge Fænn (Skikrinsstyret) og Finn Årdal (Skikrinsstyret).

**VEDTAK:**

***Skikrinstinget vedtek framlegg til Handlingsplan 2017-2019, med dei endringane som kom fram i møtet.***

***Krinsstyret skal i kommande planperiode legge Handlingsplanen til grunn i sitt arbeid.***

**7. FASTSETJING AV LAGSKONTINGENT**

Skikrinsstyret gjer framlegg om at lagskontingenten ikkje skal endrast i tingperioden 2017-2019.

Følgjande lagskontingent vart vedteken i samband med Skikrinstinget i 2015:

| Kategori | Tal medlemar | Lagskontingent |
|---|---|---|
| 1 | 0 | kr 1000 |
| 2 | 1-30 | kr 2500 |
| 3 | 31-100 | kr 4500 |
| 4 | 101 og oppover | kr 6500 |

**VEDTAK:**

***Skikrinstinget vedtek Skikrinsstyret sitt framlegg til lagskontingent.***

## 8. LOV FOR SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

På Idrettstinget i Trondheim i 2015 vart det vedteke omfattande endringar i i Norges Idrettsforbund (NIF) si lov, med påfølgjande endringar i lovnorma for særforbund. Med bakgrunn i dette vart Norges Skiforbund (NSF) si lov endra på Ski-tinget i Trondheim i 2016.

NSF si lov er no godkjent av NIF, og den nye lovnorma for skikrinsane vart vedtatt av Skistyret i møte 26.04.2017.

Lovnorma for skikrinsane er obligatorisk og krev endringar i skikrinsane sine lover. Den nye lova til Sogn og Fjordane Skikrins er utarbeida med bakgrunn i skikrinsane si nye lovnorm. Det er ikkje mange materielle endringar samlikna med den gamle lovnorma, men det er færre henvisningar til NSF si lov, slik at dokumentet er lettare å bruke.

Det som står i NIF si lovnorm er minimumskrav. For å kunne skilje kva som står i NIF si lovnorm og kva som er tillegg, har ein nytta to fargar.

- Svart der teksten er lik NIF si lovnorm
- Raudt er NSF sine endringar jf. lovnorm for særkrinsar/ regionar

Eksisterande lov, samt framlegg til ny lov for Sogn og Fjordane Skikrins er vedlagt.

Desse hadde ordet i saka: Yngve Thorsen (adm. sjef), Inge Fænn (Skikrinsstyret), Eivind Brendehaug (Syril IL) og Erik Røste (Norges Skiforbund).

**VEDTAK:**

***Framlagde lov for Sogn og Fjordane Skikrins godkjennast av Skikrinstinget, og vert oversendt NSF for endeleg godkjenning.***

***Skikrinstinget gjev Skikrinsstyret fullmakt til å oppdatere lova i samsvar med framtidige endringar i NSF si lovnorm for særkrinsar/ regionar.***

## 9. INNKOMNE SAKER

### 9.1 Anleggsplan 2017-2021

Norges Skiforbund arbeider etter Skipolitisk Dokument vedtatt av Skitinget. Anlegg er eit av innsatsområda i planen. Måla innanfor anleggsområdet som blir vedtekne på Skitinget kvart andre år legg føringar for dei planar skikrinsane og laga skal arbeide etter.

Planen som no ligg føre byggjer for det meste på tidlegare registreringar, skiforbundet sitt Skipolitiske Dokument samt Regionalplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019.

Planen finn ein vedlagt.

Skikrinsstyret legg fram for tinget Anleggsplan 2017-2021.

Innleiing v/ Finn Årdal (Skikrinsstyret).

Desse hadde deretter ordet i saka: Jon Ove Lomheim (Hafslo IL), Finn Årdal (Skikrinsstyret), Yngve Thorsen (adm. sjef), Gunnar Fannemel (Skikrinsstyret) og Eivind Brendehaug (Syril IL)

**VEDTAK:**

***Skikrinstinget vedtek planen slik den ligg føre, med dei endringane som kom fram under pkt. 5.1. Krinsstyret skal i kommande planperiode legge Anleggsplanen til grunn i det vidare arbeidet med anlegg.***

**9.2 Forbod mot fluorholdig glidesmurning i aldersbestemte klassar**
Forslagsstillar: Syril IL v/styret i skigruppa

Framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane Skikrins innfører eit forbod mot bruk av fluor i glidprodukt på skirenn for aldersbestemte årsklasser frå sesongen 2017/2018

2. Forbodet gjeld alle glideprodukt som inneheld fluor, så som LF, HF, fluid, klossar og pulver. Det er kun tillate å bruke CH-glidere eller tilsvarande reine parafinvokser.

3. Sogn og Fjordane Skikrins utarbeidar HMS-rutinar for opphald i smøretelt og for forsvarleg behandling av smøreavfall på skirenn for junior og senior.

Subsidiært framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane Skikrins set ned eit utval som skal kome med forslag til korleis ein kan innføre eit forbod mot bruk av fluor i glideprodukt på skirenn for aldersbestemte årsklasser frå sesongen 2017/2018.

2. Sogn og Fjordane Skikrins utarbeidar HMS-rutinar for oppheld i smøretelt og for forsvarleg behandling av smøreavfall på skirenn for junior og senior.

Grunngjeving:

- I tråd med forslag til vårmøte i Norges Skiforbund 2017 meiner Syril at ski-Norge må stå saman om ein sunnare sport, der våre barn får konkurrere under likare forhold, samt at vi droppar gifta som kan gjere oss sjuke og som skader miljøet.

- Fluorhaldige produkt kan ha helsemessige uheldige verknader ved påføring på ski. Dette kan gi helsemessige skader særleg for dei som påfører produkta eller som oppheld seg i nærleiken.
- Fluorhaldige produkt vert overført frå ski, og avfall ved smøring, til naturmiljøet og jordlevande organismar. Skisporten må bidra til at vi avgrensar utslepp av fluor i naturen.
- For konkurranser der fluor er tillatt, f.eks NorgesCup renn, skal rutiner for at helse, miljø og sikkerhet vert ivaretatt utviklast og innførast.

Bakgrunn
(klippa frå Asker skiklubb Langrenn og Holmen IF Langrenn sitt forslag til Akershus skiting 2017)

Asker skiklubb Langrenn og Holmen IF Langrenn startet i vinter kampanjen «Tøffest uten fluor" som medførte omfattende medieomtale. Raskt ble dette en landsomfattende kampanje der målet var å arrangere skirenn uten helse- og miljøskadelig fluor på skiene. Mange enkeltpersoner, politikere, sentrale miljø- og helsemyndigheter, klubber og skikretser har gjennom vinteren gitt støtte og har engasjert seg for fluorfrie-skirenn. Et ti-talls renn har blitt arrangert som «Tøffest uten fluor" i 2017. Et av disse var bl.a. Kong Haralds Ungdomsstafett i Holmenkollen.

I skismøring brukes det mange per- eller polyfluorerte alkylstoffer som er syntetiske organiske stoffer med et høyt innhold av fluor. Fluorholdige glidere brukes fordi det gir skisålene bedre glid, mindre ising og bedre vann- og smussavstøtende evne.
Uheldige egenskaper knyttet til disse stoffene er at de er lite nedbrytbare og at de hoper seg opp i alle levende organismer. Halveringstid i mennesket er typisk 4 - 7 år.

I Norge viser forskning på skismørere at de har økt risiko for nedsatt lungefunksjon og lungesykdommer som kols (kronisk obstruktiv lungesykdom) sammenlignet med mennesker som ikke har blitt utsatt for samme påvirkning. Internasjonalt indikerer forskning at høye konsentrasjoner av fluorstoffer i blodet kan føre til økt dødelighet grunnet risiko for nyre- og leverkreft.

Videre er det gjort undersøkelser av grunnen i områder der det er skiløyper og hvor mange går med fluorprodukter på skiene for eksempel i Holmenkollen og Birkebeinertraséen. Undersøkelsene viser at det er unormalt høye nivåer av fluor i jordsmonnet og i jordlevende organismer som meitemark etc. Dette betyr at produktene går inn i økosystemet, og det er usikkert hvilke konsekvenser dette kan få.

Et siste argument for å begrense bruk av fluorprodukter i aldersbestemte klasser er at de er dyre og bidrar til et klasseskille i langrennssporten. Bruker alle fluor er man like langt, det blir samme resultat hvis ingen bruker det. Den beste skiløperen vinner uansett.

Vi mener forslag til vedtak er helt i tråd med grunnverdiene i norsk idrett; Glede, helse, felleskap og ærlighet og ett viktig tiltak for å fremme NSFs mål om å holde skiløpere lengst mulig i idretten. Dette bidrar til prinsippet om å løfte frem sunne verdier og gode holdninger kombinert med fair play.

Innleiing v/ forslagsstillar Eivind Brendehaug (Syril IL).

Desse hadde deretter ordet i saka: Eivind Brendehaug (Syril IL), Inge Fænn (Skikrinsstyret), Atle Hamar (Skikrinsstyret), Finn Årdal (Skikrinsstyret) og Anders Felde (Breimsbygda IL).

**VEDTAK:**

***Skikrinstinget gjer vedtak om at Sogn og Fjordane Skikrins skal følgje Norges Skiforbund sine anbefalingar og vedtak i høve saka, samt at ein støttar arbeidet med forbod om bruk av fluorhaldige gliprodukt i aldersbestemte årsklassar.***

***Skikrinstinget gjer vedtak om at Sogn og Fjordane Skikrins skal førebu og informere idrettslaga og ålmenta om forbodet som kan kome, i høve bruk av fluorhaldige gliprodukt i aldersbestemte årsklassar.***

***Skikrinstinget gjer vedtak om at Sogn og Fjordane Skikrins skal utarbeide HMS-rutinar for opphald i smøretelt og for forsvarleg behandling av smøreavfall på skirenn.***

## 10. STAD OG TID FOR NESTE SKIKRINSTING

**VEDTAK:**

***Skikrinstinget gjev styret fullmakt til å bestemme stad og tid for neste ting jf. SFSK si lov***

## 11. REPRESENTASJON

**VEDTAK:**

***Skikrinstinget gjev styret fullmakt til å velje representantar og delegatar til alle forbund- og krinsting i perioden.***

## 12. VAL

Leiar i valnemnda, Lilly Schøyen (Sogndal IL), presenterte saka.
Dirigenten leia valet.

**Skikrinsstyret**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Finn Årdal | Jølster IL |
| Nestleiar | Hallvard Nygård | Førde IL |
| Styremedlem | Tonje Norheim | Sogndal IL (ny) |
| Styremedlem | Margot Åsebø | Haugen IL (ny) |
| Alpint | Atle Hamar | Jølster IL |
| Langrenn | Oddmund Lefdal | IL Bjørn |

| | | |
|---|---|---|
| Hopp / kombinert | Henning Sæthre | Sogndal IL (ny) |
| Telemark/ randonèe | Sjur Håvard Øygard | IL Høyang (ny) |
| 1. varamedlem | Asle Sande | Førde IL/integreringsansv. |
| 2. varamedlem | Ole Petter Henden | Eid IL (ny) |

**Langrennskomiteen**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Oddmund Lefdal | IL Bjørn |
| Medlem | Torunn Grut | Syril IL |
| Medlem | Tor Arne Hov | Kaupanger IL (ny) |
| Medlem | Anne Lilleaasen | Gaular IL (ny) |
| Ungdomsrepr. | Adrian Helgheim | Førde IL (ny) |

**Hopp- og kombinertkomiteen**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Henning Sæthre | Sogndal IL (ny) |
| Medlem | Jon Ove Lomheim | Hafslo IL |
| Medlem | Lars Kveen | Markane IL |
| Medlem | Jan Inge Årdal | Jølster IL |
| Medlem | Lars O. Brekke | Vik IL |

**Alpinkomiteen**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Atle Hamar | Jølster IL |
| Medlem | Per A. Felde | Breimsbygda IL |
| Medlem | Magne Hofslundsengen | Sogndal IL (ny) |
| Medlem | Trude L. Dalseth | Haugen IL (ny) |
| Medlem | Hege Venes | Sogndal IL |

**Telemark-/ randoneèkomiteen (ny)**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Sjur Håvard Øygard | IL Høyang (ny) |
| Medlem | Anders Yri | Syril IL (ny) |
| Medlem | Malene Blikken Haukøy | IL Høyang (ny) |

**Heidersteiknnemnda**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Gunnar Steintveit | Haugen IL |
| Medlem | Nils Olav Kongsvik | Førde IL |
| Medlem | Anders Fortun | Fanaråk IL |

**Revisorar**

| | | |
|---|---|---|
| | Inge Årdal | Jølster IL |
| | Andre Haugsbø | Gaular IL |

**Valnemnd**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Lilly Schøyen | Sogndal IL |
| Medlem | Alf Henning Evjestad | IL Bjørn |
| Medlem | Inge Fænn | Markane IL |
| Varamedlem | Reidun Bergheim | Førde IL |

**Utdanning- og utviklingskomiteen**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Margot Åsebø | Haugen IL (ny) |
| Medlem | | |
| Medlem | | |
| Medlem | | |

**Økonomi- og sponsorutvalet**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Tonje Norheim | Sogndal IL (ny) |
| Medlem | | |
| Medlem | | |

**Anleggskomiteen**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar | Halvard Nygård | Førde IL |
| Medlem | | |
| Medlem | | |
| Medlem | | |

**SLUTT**

## UTDELING AV UTMERKINGAR

| Bragdpokal | Grein | Klubb |
|---|---|---|
| Jon Rolf Skamo Hope | Langrenn | Hyen IL |
| Åge Solheim | Alpint | Haugen IL |
| Gjøran Tefre | Langrenn | Førde IL |
| Torstein Bu | Lanrenn | Førde IL |

| Talentpokal | Grein | Klubb |
|---|---|---|
| Jørgen Aarøen Taklo | Alpint | Jølster IL |
| Daniel Hagen | Alpint | IL Veten |
| Synneva Iren Kvile | Langrenn | Førde IL |
| Vetle Uhre Hammersvik | Langrenn | Førde IL |
| Andreas Hetle | Langrenn | Breimsbygda IL |

| Magnorpokal | Grein | Klubb |
|---|---|---|
| Elias Helle Felle | Alpint | Breimsbygda IL |
| Gyrid Øygard | Langrenn | Førde IL |
| Gunn Kristi Tvinnereim | Langrenn | Hardbagg IL |
| Simon H. Kirkeeide | Langrenn | Markane IL |

| Jubileumspokal | Grein | Klubb |
|---|---|---|
| Olaug Grut Andersen | Langrenn | Syril IL |
| Peder Aarøen Taklo | Alpint | Jølster IL |

| Heidersmerke m/ heidersmerkediplom | Grein | Klubb |
|---|---|---|
| Gunnar Fannemel | Hopp | Hornindal IL |
| Reidun Hegrenes | Langrenn | Førde UK |

| Heidersstatuetten m/ heidersmerkediplom | Grein | Klubb |
|---|---|---|
| Arthur Hegrenes | Langrenn | Førde IL |
| Rune Espe | Alpint | Haugen IL |

**Blomster/ gåve vart delt ut til**

Inge Fænn (Skikrinsstyret), Andor Smørdal (Haugen IL), Håkon Lundestad (dirigent) og Erik Røste (Norges Skiforbund).

Referent

Anders Felde

Referent

Yngve Thorsen

Underskrift møteprotokoll

Arne Helgheim

Vidar Taklo